

## Referat frå møte nr. 73, 24. november 2016

**Dato:** 2. desember 2016

**Til stades:**

**Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar  
**Alf Henrik Andreassen**, Helse Bergen HF  
**Gunnar Mellgren**, Helse Bergen HF  
**Svein Skeie**, Helse Stavanger HF  
**Frøydis Bruvik**, observatør, private, ideelle institusjonar  
**Dag Rune Olsen**, Universitetet i Bergen  
**Kjell Bernstrøm**, Universitetet i Bergen  
**Eyvind Rødahl**, Universitetet i Bergen  
**Anne Kari Hersvik Aarstad**, Universitetet i Stavanger  
**Inger Thune**, Oslo universitetssykehus/Universitetet i Tromsø

**Forfall:**

**Haldis Økland Lier**, Helse Fonna HF  
**Marit Solheim**, Helse Førde HF  
**Pål Berger**, brukarrepresentant  
**Jannikke Ludt**, observatør, Noregs forskingsråd  
**Jarle Eid**, Universitetet i Bergen  
**Nina Langeland**, Universitetet i Bergen

**Sekretariatet:**

**Ernst Omenaas**  
**Sølv Lefald**  
**Ingrid Kalsnes** (referent)

Saksnr.	Sak
<b>Sak 38/2016</b>	<b>Godkjenning av saksliste og referat</b>
Vedtakssak	Referatet frå møte 28. september 2016 vart godkjent. Innkalling til møte 24. november 2016 vart godkjent.
<b>Sak 39/2016</b>	<b>Tildeling av Helse Vests søkbare midlar 2017</b>
Vedtakssak	<p>Hovudkomiteens leiar, Inger Thune, la fram innstillinga frå hovudkomiteen. Frå gjennomgangen på møtet vart det mellom anna trekt fram at årets søknadar viser at forskningsaktiviteten i Helse Vest har god fagleg breidde og høg kvalitet, og at søknadane reflekterer eit godt samarbeid mellom helseføretaka i regionen og samarbeid mellom klinikk og forskingslaboratorium. Mange av prosjekta er også planlagt gjennomført i samarbeid med leiande internasjonale forskingsmiljø. Følgjande punkt summerer opp nokre trekk ved årets søknadar/vurderingsprosess:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klinisk tilknyting og nytte har i år vore i fokus. Dette resulterte i at nokre svært gode basalmedisinske søknadar ikkje fekk støtte</li> <li>• Søknadar innan hjerte-kar, onkologi og nevrologi hadde svært gode søknadar og fikk derfor også god utteljing. At 3 av 4 russøknadar fekk støtte er svært gledeleg, og ei stor forbetring frå i fjor</li> <li>• Det er mange gode doktorgradssøknadar og søknadar om open prosjektstøtte,</li> </ul>

	<p>medan postdoktorsøknadane ikkje når heilt opp</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen søknadar vart innstilt til karrierestipend. Sett i lys av tildelinga og kvaliteten på kliniske postdoktorstipend og karrierestipend i dei seinare åra, ville ein eigen søknadskategori med kliniske forskarstillingar kunne gi ein ny moglegheit til å stimulere og styrke utvikling av klinisk forsking i regionen</li> <li>• Det blei ikkje tildelt korttidsstipend for fullføring av doktorgrad. Det har vore vanleg at 4-5 søknadar har fått tildeling innan denne søknadskategorien. Det var i år ei dobling av talet på søknadar i denne kategorien, og etter nøyne gjennomgang og evaluering av alle søknadane fann ein det fagleg umogleg å skilje søknadane tilstrekkeleg frå kvarandre og samtidig tildele eit rimeleg tal søknadar utan at dette ville gått utover tildelinga av nye doktorgrads- og postdoktorstipend</li> </ul> <p>Samarbeidsorganet var tilfredse med vurderingskomiteane sitt arbeid, og takka for godt gjennomført oppdrag. Samarbeidsorganet ønskjer at sekretariatet førebur ei sak med utgreiing om kliniske/parakliniske forskarstillingar.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtar fordelinga av søkbare midlar for 2017.</i></li> </ul>
<b>Sak 40/2016</b>	<b>Tildeling av strategiske midlar 2017</b>
Vedtakssak	<p>I saka vart det gjort greie for satsingar som det regionale samarbeidsorganet allereie har forplikta seg til. Dette inkluderer midlar til KKF, belønningsmidlar til hovudrettleiarar, posisjoneringsmidlar, insentivprogram for eksterne forskingsmidlar, medlemskontingent til EATRIS og regionale strategiske satsingar. I tillegg kjem satsingar der midlar er øyremerket gjennom oppdragsdokument og/eller styret i Helse Vest; satsing på rusforsking, samhandlingsforskning og forskingsmidlar til mindre helseføretak/private, ideelle institusjonar.</p> <p>Samarbeidsorganet vedtok tildeling til fem regionale strategiske satsingar i 2014, og til ei satsing i 2015. Samarbeidsorganet ønskjer at sekretariatet førebur ei sak om midtvegsevaluering av desse. Erfaringsmessig tar det litt tid før satsingane kjem i gong, og det vert difor tilrådd at ein ventar til hausten 2017 med å gjennomføre evalueringa. Det vil i saka bli gjort greie for bruk og overføring av midlar slik at tidsaspektet for evalueringa kan vurderast. Det kan bety at ikkje alle vil bli evaluert samtidig. Det er ønskjeleg at evalueringa vert gjort av ein ekstern komité. Truleg vil det vere tilstrekkeleg med 3 medlemmer.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtar vidareføring av forpliktingar for allereie vedtekne strategiske satsingar på til saman kr. 46 129 000.</i></li> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet ber sekretariatet legge fram ei sak med forslag til prosess for midtvegsevaluering av dei seks regionale strategiske satsingane som starta opp i 2014/2015, i tråd med innspela som blei gitt på møtet.</i></li> </ul>
<b>Sak 41/2016</b>	<b>Møteplan for 2017</b>
Vedtakssak	Møteplan for 2017 blei vedtatt på septembermøtet (sak 33/2016). I etterkant av møtet kom det melding om at tre av møtedatoane er samanfallande med universitetsstyremøta i april, september og november.

	<p>Samarbeidsorganet vedtok følgjande nye møtedatoar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Torsdag 20. april</li> <li>• Torsdag 21. september</li> <li>• Fredag 24. november</li> </ul> <p>For møta i februar og juni gjeld allereie vedtekne datoar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Onsdag 15. februar</li> <li>• Måndag 19. juni</li> </ul> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek møteplanen for 2017.</i></li> </ul>
<b>Sak 42/2016</b>	<b>Prinsipp for deltaking i konsortium, nettverk og nasjonale forskingsinfrastrukturar</b>
Diskusjonssak	Ernst Omenaas orienterte om diskusjon frå det siste møte i RHF-a si strategigruppe for forsking (19. oktober). Både RHF-a og universiteta deltek i fleire konsortium, nettverk og nasjonale infrastrukturar for forsking, som EATRIS, Biobank Norge og NorCRIN. Til eit komande møte ønskjer strategigruppa ei sak på kva prinsipp og tenking ein skal ha når det gjeld deltaking i slike konsortium og nettverk, der det kan vere sentralt å sjå på moglegheiter for koordinering av kostnadsdeling og kva som er korresponderande nivå når fleire institusjonar inngår. Samarbeidsorgana vil truleg bli bedne om å kome med innspel og synspunkt på dette.
<b>Sak 43/2016</b>	<b>Orienteringssaker</b>
Orientering	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utforming av forskingsstrategien. PDF-versjon er lagt ut på Helse Vest sine nettsider: <a href="https://helse-vest.no/Documents/Forskning/Strategi%20og%20oppdragsdokument/Forskningsstrategi%20i%20Helse%20Vest%20for%202016-2019.pdf">https://helse-vest.no/Documents/Forskning/Strategi%20og%20oppdragsdokument/Forskningsstrategi%20i%20Helse%20Vest%20for%202016-2019.pdf</a>            Trykt eksemplar vil bli delt ut på neste møte/sendt til institusjonane per post.</li> </ol>
	<b>Eventuelt</b>
	Ei sak vart behandla under eventuelt. Denne saka er unntake offentlegheit.
<p><b>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er onsdag 15.02.2017 på <a href="#">Clarion Hotel Bergen Airport</a>, kl. 10.30 – 14.30</b></p>	